

RULLERING AV PLAN OM TILBOD TIL PERSONAR MED PSYKISKE LIDINGAR

INNLEIING

MÅL FOR PSYKIATRIEN I KVITeseid KOMMUNE

Målet for psykiatritenesten er at pasienten som treng tilbod får best mogleg livskvalitet ut frå sine ressursar. Som hjelpar må vi arbeide for å få ein god relasjon for å fremme meistringsevne. Relasjon er heilt grunnleggjande trekk ved den menneskelege væremåten. Relatere vil sei å forhalde seg, vi vil alltid forhalde oss til et eller anna med våre kjensler, tankar og handlingar. Ha ein relasjon til noko er blant anna knytt til vår evne til avgrensing. Avgrensing er nødvendig for å overleve både fysisk som psykisk. Vi må kunne avgrense kva som er mitt i forhold til kva som er ditt. Kva er mine problem og kva er dine.

Kva relasjonen handlar om vil variere avhengig av korleis ein definerer forhold mellom den som har motteke omsorg og den som gjev. Vi som fagutøvar omgjeng ikkje stagnerte eller forvirra sinn, men menneske med psykiske forstyrringar som grip hemmande og øydeleggjande inn i hele deira tilvære som menneske. Dei kjensler som leiar det vi seier og gjer, vil prege den omsorg vi gjev. Vi som menneske pendlar mellom lengsel etter nærleik og tilknytning samtidig som vi ønskjer å klare oss sjølv og vere sjølvstendige. Vi strever alle for å finne ein balanse mellom å vere avhengig av andre og sjølvstendige. Dei psykotiske strever spesielt med dette.

Vi gjeng meir eller mindre budd og reflektert inn i ulike samspelsituasjonar. I disse samspelsituasjonar skal pasienten lære noko om seg sjølv og sin måte å innrette seg på. Et problem som er særprega for dei med psykiske lidningar er at det ofte handlar om vanskeleg å vere i relasjonar til andre menneske, eller generelt dårleg sosial funksjon.

Problem som vi møter i arbeider med psykisk sjuke:

Ekstrem sårbar i mellommenneskeleg forhold - trekkjer seg ofte tilbake for å verne seg.
Manglande ferdighet i dagleglivet
Kaotisk tankeverden
Psykotiske symptom
Manglande framtid
Tyding av håp

Kva treng pasienten:

Tryggleik og planlagt daglegliv
Fridom - høve til å velje eige liv.
Lett tilgang til sosial kontakt når dei ynskjer
Fast forpliktande tenestetilbod - forpliktande baa vegar.
Få personar å halde seg til.
Kvalitet og kontinuitet i hjelperelasjonen - tyder kunnskap, holdningar og ideologi.

Å være sterk

*Å være sterk er ikke
å løpe raskest
å hoppe lengst eller løfte tyngst*

*Å være sterk er ikke
alltid å vinne
alltid å ha rett eller
alltid å vite best*

*Å være sterk er å
se lyset når det er mørkest
slåss for noe man har tro på selv om
man ikke har flere krefter igjen
se sannheten i øyene
selv om den er hard... ..*

Ideologi - psykiatrisk rehabilitering:

Vekstfremmande miljø

Tryggleik

Planlegging

Håp

Vere tilgjengeleg

Vente ut den andre

Trening - Avtale praktiske gjeremål

TILTAK I KVITeseid KOMMUNE.

1.0.Vurdering av tilbodet i Kviteseid kommune

Psykiatri planen blei utarbeida i- 96, den vart laga som eit arbeidsdokument for korleis tilbodet for personar med psykiske lidningar i kommunen skulle vere. Kommunen har no eit variert tilbod som kan møte behovet for den einskilde når det gjeld bustad, tilsyn og arbeid/aktivitetar.

Sosial- og helsedirektoratet legg i sin rettleiing at den overordna målsetjing for menneske med psykiske lidningar, er at dei skal få hjelp til å bli sjølvstendige og fremme evne til å meistre eige liv. Det må då vere rammer rundt personane som gjer dette mogleg, når det gjeld bustad, arbeid, fritid og omsorg. Rammene rundt den enkelte må varetake grunnleggjande behov som tryggleik og ein verdig livssituasjon.

Det skal og leggst vekt på å byggje opp teneste tilbod til born og unge som er i risiko eller alt har utvikla psykiske lidningar og til deira familiar. Det skal leggst vekt på heilskapane og kvalitativt tilbod, og vere tilpassa den enkelte brukar. I retningslinene er det lagt vekt på at 20% av midlane som er retta mot psykiatri blir bruka blant born og unge.

1.1.Bustad / tilsyn

Kviteseid Kommune har eit variert tilbod når det gjeld buform, etter kva behov brukaren har. På K.O.S. har dei sjukeheimsplassar. Lundenjordet har tilbod om eigen bustad med heildøgn tilsyn. Kommunen har godt med tilbod av omsorgsbustader. Der får bebuarane hjelp viss behov frå heimesjukepleie og heimehjelp.

Butilboda ligg svært fint til med utsyn over fjorden, i tillegg er det nært sentrum.

Psykiatriske pasientar som har budd mange år i institusjon har no fått tilbod i kommunen. På Lundenjordet er det er heildøgn omsorg og ressursar til opptrening for å meistre kvardagen. Har då personen ei god utvikling er det aktuelt å flytte til omsorgsbustad med mindre tilsyn.

Dei med psykiske lidningar som har søkt om å få tildelt omsorgsbustad har fått det. Men skal det bli eit godt tilbod må det vere tilsyn/omsorg frå avdelingane innan omsorgsetaten. Dette er

personar som treng tilrettelegging for å meistre kvardagen og fritid. Det bør vere ein fast person som har ansvaret for at deira behov blir teke vare på.

Dette gjeld både dei som bur i omsorgsbustad og privat. Det er då aktuelt med heimesjukepleie og heimhjelp. Kommunen har tilbod om nattpatrolje.

For å få eit heilskapane tilbod må det vere eit tverrfagleg samarbeid, med hjelp av heimesjukepleie, støttekontakt, miljøterapeut og psykiatrisk sjukepleiar.

Personalet som skal yte tenester til menneske med psykiske lidningar har trong for kunnskap og haldningsskapande arbeid i høve til oppgåvene. Målet for personane som treng hjelp, er opplæring for å meistre oppgåvene sjølv så langt som råd.

Har erfart at det er viktig med eit tett samarbeid mellom dei som skal take vare på personen med eit stort omsorgsbehov. Det er viktig å ha nettverksmøte og samarbeidsmøte slik at alle hjelparane har eit felles mål.

Kviteseid kommune har pasientar som tidlegare budde i institusjon med dobbeltdignose rus/psykiatri. Dette er svært resurskrevjande personar i høve til open omsorg. Heimesjukepleia har døgntilbod, ser difor nytte av å styrkje med ei 50% stilling frå 1.april, dette blir og ein del av auken i 2006. Dette er for å gje eit betre tilbod for pasientar med alvorleg og moderat psykisk lidning. Kravet for å overføre midlar er at dei aktuelle brukarane skal ha individuelle planar og det må frigjerast tid til samarbeidsmøte i høve til dette. Ein sjukepleiar tilsett i heimesjukepleia har teke utdanning i SEPREP og det er ynskjeleg at ho kan vere kontaktperson.

Individuell plan er eit godt verktøy i dette samarbeidet.

50% stilling open omsorg

1.2.Arbeid/Dagtilbod.

Det er mange personar med psykisk lidning kan klare seg heilt eller delvis i den opne arbeidsmarknaden. Men i nokre tilfelle bør ein ha samarbeid med Kviteseid arbeidssamvirke, industriavdeling og arbeid med bistand. Det har visa seg at det har vore ei god utvikling for dei som nyttar tilbodet. Det å møte til fastsett tid og kome inn i gode rutinar er viktig for mange med psykiske lidningar. Arbeid med bistand og Seljord Personal har vore nytta, der målet er å kome inn i vanleg arbeid.

..

Dagsenteret Krodokk har fungere som dagsenter for psykisk utviklingshemma, men frå 01.08.99 blei det sett i gang for menneske med psykiske lidningar. Dette tilbodet er to dagar i veka på dagtid, og annen kvar torsdagskveld, som er svært vellukka. Dette tilbodet er særleg retta mot menneske med alvorlege psykiske lidningar så det vert mogleg å delta i meningsfulle aktivitetar og sysselsetting. For mange er dette det einaste tilbod om sosialt fellesskap og unngå isolasjon dei har.

Dagsenteret har variert aktivitetar, brukarane er med i planlegging av tiltak der målet er eit brukarstyrt senter, der det skal verte lagt til rette slik at brukarane blir møtt på deira behov. Det er mykje motivering som skal til for å få dei til å bruke dagsenteret. Det er lagt opp til ei hente - og bringeordning, for tida er det personalet som brukar egne bilar.

Transportproblemet har vi fått inn ulike forslag som må vurderast ut frå midlane vi har til rådvelde. Men det er like stort behov for dei som bur i utkanten av kommunen å vere sammen med andre, men til no synes vi det blir for mykje resursar til transport.

Dagsenteret er eit tilbod for dei som ikkje finn sin plass på ASVO eller anna.

Det er lagt inn 50% stilling til dagtilbod, og psykiatrisk sjukepleiar vil vere delaktig i dette tilbodet til det fungerer greitt. Leiar av dagsenteret har 40%.

Krodokk dagsenter har sosialt samvær ein kveld annen kvar veke, dette tilbod er det mange som nyttar seg av. Difor er det lagt inn opptrappingsmidlar til 20% stilling

Miljøarbeider 50% stilling av tilskot til psykisk helsearbeid i kommunen
Leiar dagsenteret 40% løna av kommunale midlar.

1.3. Aktivitetar / Støttekontakt / Fritidsleiar.

Behovet er stort for støttekontakt, fritidsleiar eller miljøarbeider. I opptrappingsplanen for psykisk helse blir det lagt vekt på variert aktivitetstilbod, tilrettelagt for fysisk aktivitetar.

Sosialkontoret har tilbod om støttekontakt, fleire brukarar har det. Einsemd er noko dei ofte opplever, og t.d. angst for å gå ut aleine. I opptrapping av tilbod til psykisk sjuke ser ein behovet for ei fast stilling, på den måten vert det betre utnytting av ressursane og arbeidet blir meir planlagt og målretta.

Meiner det er behov for ein person med fast stilling i tillegg til støttekontakt. Har i planane lagt inn 50% stilling som miljøterapeut med ansvar for fritid d.v.s. miljøretta tiltak i eigen bustad, aktivitetar og liknande frå 2005 og aktivitetsauken blir i 2007 denne stillinga 50 %. Miljøterapeut har turgruppe to kveldar i veka i tillegg til rettleiing i heimen.

Stillinga skal legge til rette for fritid, aktivitetar i og utanfor heimen, eit sosialt liv med best mogleg kvalitet. Mange av pasientane med psykiske lidningar er svært einsame, målet med styrkje tilbodet til desse pasientane er for å gje dei eit betre og meir meningsfylt liv.

Miljøterapeut 50% løna av tilskot psykisk helse
Miljøarbeidar 50% frå 2007 opptrapping av tilskot psykisk helse

.4.Helsesenteret.

Kommunelækjarar.

Kommunen har 2,2 legestillingar. Mange pasientar har fast lækjar i nabokommunar, det gjer samarbeidet meir tid krevjande.

Psykiatrisk Sjukepleiar/ koordinator

Psykiatrisk sjukepleiar har eit særansvar for menneske med langvarig og alvorleg funksjonssvikt. Det inneber å ha ein støttande funksjon m. a. ved å stimulere, motivere og

hjelpe den einskilde til å strukturere tilværet. Ein nyttar støttesamtalar, tek del i utgreiing og vurderingsarbeid og ettervern av utskrivne pasientar. Stillinga omfattar koordinering av dei ulike tilbod brukaren har behov for. Ofte skjer kontakten heime hjå dei som har trong for det.

Rettleiing og undervisning er naudsynt, for psykiatrisk sjukepleiar må jobbe gjennom andre. Det er eit behov med fagleg utvikling av personalet som møter menneske med psykiske lidingar.

Psykiatrisk sjukepleiar / koordinator har fagansvaret, budsjettansvar og koordineringsansvar av psykiatri tenesta. Alle tilvisingar gjeng til koordinator som har ansvar for å fordele oppgåver.

Psykiatrisk sjukepleiar sine oppgåver i kommunehelsetenesta:

Fagleg ansvar for psykiatri tilbodet og budsjett ansvar.

Direkte pasientarbeid, som individuelle samtalar og gruppeterapi. Utgreiing og vurderingsarbeid. Støttetiltak slik at dei med psykiske problem kan kome seg ut av isolasjonen og få målretta rehabilitering.

Koordinerande ledd mellom brukar og hjelpeapparatet. Ansvarsgrupper.

Nettverksarbeid, hjelpe brukaren til å byggje opp eit nytt nettverk eller ta i bruk det som alt finst.

Samarbeid med andre etatar.

Samarbeid med 1. og 2.linetenesta.

Støtte til pårørande.

Undervisning og rettleiing.

Krisegruppe.

Førebyggjande arbeid, helseopplysning.

Administrativt vil stillinga liggje under helseetaten, med kommunelækjar I som leiar.

Utarbeide rutiner for individuell plan for brukarar med samansette behov.

Dette tiltaket er iverksett og lagt inn i budsjettet. I og med tiltaket at denne stillinga har vore i fleire år, har denne resursen blitt stadfesta.

100% stilling løna av tilskot psykisk helsearbeid i kommunen.

Miljøterapeut

Målretta miljøtiltak for å førebyggje psykiske lidingar hjå born og unge og vaksne. Det er ei stilling som må arbeide i team med miljøterapeutar/arbeider innan psykisk helse, men større

ansvar i høve til førebyggje blant born og unge. På grunn av styrking av tilbodet til denne gruppa bør det bli eit meir målretta tilbod, ein person med fagleg kompetanse med tilleggsgutdanning i psykisk helsearbeid.

Det må vere ein person med kvalifikasjonar innan psykisk helse som kan hjelpe familiar med born og ungdom som treng støtte og rettleiing. Barnevernet opplyser om at det ofte ser at omsorgssituasjonen ber preg av at foreldre har psykiske problem. Det vil vere til hjelp og støtte dersom mor og far får rettleiing av miljøterapeut. 50 % skal prioriterast til barn, unge og barnefamiliar.

Visar til rettleiing for bruk av psykiatri tilskot, 50% av skal brukast til denne gruppa.

Ansvarsområde:

Tilrettelegging for at personar med psykiske lidningar skal betre meistre kvardagen når det gjeld fritid / aktivitetar og dagleglivet i bustaden.

Ha eit samarbeid med det etablere dagtilbodet på Dagsenteret.

Samarbeid med helsesyster, sosialkontor, skule og eventuelt barnevern.

Rettleiing i heimen til foreldre med psykiske lidningar.

Samarbeide med Psykiatrikoordinator (Psykiatrisk sjukepleiar med ansvar for koordinering av tiltak) som er i kommunen og med miljøterapeutar.

Fast dag på ungdomskulen.

Stillinga er lagt inn i budsjettet.

Fagansvar er lagt til psykiatrikoordinator.

100% stilling løna av tilskot psykisk helsearbeid i kommunen.

Helsesyster.

Psykiske lidningar og psykososiale problem visar seg å vere ein stor helsetrussel for born og unge. Utviklinga av psykososiale problem og psykiske lidningar kjem ofte som resultat av fleire ulike faktorar, slik som individet sine ibuande ressursar, familien sin evne til å meistre, det nære sosiale miljøet og samfunnet si evne til å leggje til rette for god og sunn utvikling.

Det skal styrke foreldrerettleiing ved helsestasjonen. Betre det sosiale nettverket i nærmiljøet og auke den sosiale integrasjonen i lokalsamfunnet. Gjennom tiltaket prøve å fange opp alle born og unge, særskild dei spesielt utsette.

Ei helsesyster som er med på å styrke det førebyggjande arbeidet blant born og unge. Det er viktig at helsesyster er synleg i skulen, og vert ein del av den. Styrke samarbeidet mellom skulen og skule helsetenesta. Dette er og ein naturleg måte å få kontakt med elevane på. Tenesten skal styrkje rettleiingsarbeidet til foreldre og born og unge individuelt og i gruppe. Erfaring viser at denne tenesten kan fungere som eit lågterskel tilbod for ungdom med psykososiale problem.

Opptreppingsplanen for psykisk helse inneber styrking av det psykososiale arbeidet for born og unge, etablere ungdomane sin helsestasjon og drive den. 800 årsverk skal fordelast på ulike faggrupper for å styrkje denne tenesten. Det vil sei at Kviteseid må ha 50% stilling. (800 årsverk dela på folketal gange med innb. i Kviteseid.)

Stillinga skal ha samarbeid med psykiatritenesten, men fagansvaret er lagt til helsestasjonen med helsesyster som fagleg leiar.
Stillinga er lagt inn i budsjettet.

**50% helsesyster blir løna av tilskot til psykisk helsearbeid i kommunen.
7% lønnsmidlar på grunn av utdanningspermisjon**

1.5. Krodokk skule.

Krodokk skule har tilbod til vaksne elevar. Den største gruppa er psykisk utviklingshemma, men personar med psykiske lidningar som ikkje har fått sitt rettmessige tilbod kan få det ved Krodokk skule. Då har det blitt lagt vekt på funksjonar som har nytte for å meistre daglege forplikningar som økonomi og rekneskap .m.m. Har og hatt brukarar som har fått dataopplæring.

2.0. FRAMVEKST

Målsettinga er :
Brukarmedverknad
Behovstilpassing
Kontinuitet
Ressursutnytting

Tiltaka må vere:
Førebygging av og hjelp ved kriser.
Støtte til familien
Moglegheit for personleg utvikling
Akseptable og tilgjengelege tilbod
Individuelle planar for oppfølging
Støtte i dagleglivet.

Prioriterte tiltak:
Barn og unge.
Aldersgruppa frå 20 år og oppover.
Dobbelt diagnosar, rus / psykiatri.

Korleis møte utfordringane.

Rett hjelp til rett tid krev eit breitt spekter av tilbod som er tilgjengelege innan rimeleg tid, slik at pasienten ikkje mister håpet.

Ansvarsplassering er viktig, kanskje det viktigaste vilkår for å sikre rett hjelp til rett tid.
Arbeidsmetodar:
angsttrening
aktivisering
sosial trening
grensesetting

motivering og hjelp til å take medisin
gå til lege, eventuelt søkje 2. linje tenesten
hjelp til personleg hygiene
retteleiing husarbeid

Tilbod til dei som skal utføre gode relasjonar til brukarane må vere kompetanseheving og retteleiing.

Retteleiing sine oppgåver er:

Utvikle kandidaten si utøving av sjukepleie

Utvikle fagleg og personleg identitet

At kandidaten kjem inn i vekst og utviklingsprosessar

Retteleiing skal hjelpe til med å forløyse dei beste kvalitetane og resursane i hjelparen.

Viktige oppgåver:

- få i stand kontakt og samarbeid med brukaren

- kartlegg brukaren sine eigne mål og behov for tiltak

- individuellplan

Nettverksmøte

Ansvarsgrupper

Samarbeidsmøte

Støttegruppe ved kriser som er tverrfagleg samansett

3.0. BRUK AV PSYKIATRIMIDLANE I 2006

100% psykiatrisk sjukepleiar

100% miljøterapeut

50% miljøterapeut på dagsenteret

50% helsesyster

50% open omsorg

50% miljøterapeut

Opplæringstiltak, kurs.

Kviteseid skule, førebyggjande tiltak VI VIL MEIR kr. 30000,-

Helsesyster tek utdanning psykisk helsearbeidar, psykisk helse tilskot dekker 7% løn i hennar permisjon, utdanninga gjeng på deltid og helsesyster har 50% stilling

Kurs i høve til angst /depresjon. Dette er ei diagnose som dominerer vår pasientgruppe. Kommunal opplæring med støtte av Sosial – helse departement har tilbod om kurs for opplæring av kurleiarar for denne gruppa. Skal ha kurstilbod i samarbeid med Seljord kommune.

Driftsutgifter til psykiatri tenesten, utgifter til køyring blir høge, lange avstandar og lite offentlig transportmiddel.

Utstyr og materiell.

3.1. Framtid bruk av psykiatrimidlane 2007-2010

Ein føresetnad for å bruke desse øyremerka psykiatri midlane er at dei vert nytta til ein auke i aktiviteten t.d. til å opprette nye stillingar og tilbod for brukarane av desse tenestene. Desse midlane kan ikkje nyttast til løn til tidlegare oppretta stillingar eller lønsauke som fylgje av lønsoppgjeret.

I 2007 Aktivitetsauke 50% miljøarbeidar

Løn arbeidstilbod til ein brukar av tilbodet innan psykisk helse kr. 15000

Løn interkommunalt samarbeid om psykologstilling kr. 50000,-

Transport og utgifter til aktivitetar. Kontor / telefon utgifter.

På orienteringsmøtet 15.sep.2006 på helsesenteret kom det fram ynskje/behov for 20% stilling psykolog. Det er sett av kr. 50000,- til dette, resterande blir dekt opp av kr. 56000,- som stend på fond og ubruka midlar frå 2007.

Opplæringstiltak, rettleiing, dekker utgifter transport til opplæring og rettleiing, seminaravgift og innkjøp av faglitteratur.

Mental helse foreining er nå etablert, Kviteseid og Seljord i saman. Koordinatorane i båe kommunane delar på å vere med på styremøter og årsmøte for å støtte dei som nå skal drive dette fram til dei kjenner seg trygge,

Verdensdagen for psykisk helse blir markert i samarbeid psykiatrikoordinatorane i kommunane og foreininga.

Samarbeid med brukarorganisasjon, Mental Helse. **Har sett av 6000,-**

Vi Vil Meir i skulen 30000,-

2007-2010

Behov som kom fram i samarbeidsmøte om bruk av psykiatri midlane.

I samarbeidsmøte med dei andre avdelingane er det eit ynskje om å styrkje samarbeidet med open omsorg, dei har eit tilbod heile døgnet, ser det vanskeleg i så liten kommune å få dekt opp kveldar og helger innan psykiatritilbodet. Meiner det hadde vore mest tenleg for brukarane å ha færre personar å forhalde seg til, men må velje å styrkje der det allereie er eit døgntilbod.

Transporttilbodet på dagsenteret må styrkjast

Tiltaksarbeid for born og unge med t.d. asberger syndrom. ADHD, autisme

Auke stilling i høve til barn og unge 2008 med 30%. Det kan bli bruka til psykologstilling viss det blir resultatet.

Fritidsleiar 2008 50%

Utgifter som transport og drift tilsvarande.

2009 og 2010 halde fram med same tilbod.

3.2 Psykiatriplanen 2007-2010

Planen for Kviteseid kommune er laga fram til 2008. Bruk av psykiatrimidlane skal kome fram i budsjettet for same periode. Psykiatriplanen har som mål å styrkje aktivitetar for dei som ikkje har forutsetning til å vere med utan at det blir tilrettelagt. Kviteseid kommune har då i planen lagt føring for miljøarbeider / støttekontakt. Me meiner det blir ei meir planlagt organisering med ein miljøarbeider. Det må og vere midlar til gjennomføring som til dømes transport, utstyr og utgifter i høve til aktivitetane. I ein kommune som Kviteseid er det lange avstandar, og skal brukarane ha høve til å nytte tilbodet må det leggest til rette for transport. Mange av brukarane av tenesten har svært dårleg økonomi, så kostnaden for å vere med på aktivitetane må vere låg. Det skal og leggest til rette for opplæring og drift av brukarforeining.

Det må leggest vekt på å utarbeide individuelle planar for dei personar som vil og har behov. Brukarmedverknad og likemannsarbeid må styrkjast.

Økonomiplan for 2007-2010

Auke av psykiatrimidlane ca. kr. 337.000,- i 2007

Auke av psykiatrimidlane ca. kr. 405.000,- i 2008

Auke miljøarbeider 50% 2007

Fritidsleiar 50% 2008

Miljøarbeider for

Barn, barnefam. unge 30 % 2008

Desse 30% kan bli omdisponera til psykologstilling.

Halde same aktivitetsnivå i 2009 og 2010

Vidare må utgifter til transport styrkjast tilsvarande, utgifter til aktivitetar og opplæring for personal. Utgifter til desse stillingane må det reknast med kveldstillegg og søndagstillegg.